

## Oppsummering av kaffimøtet 08.05.19

Ordføraren orienterte om følgjande;

### 1. Kommuneplanens arealdel:

Det er kome inn over 50 innspel innen fristen 23. april - utrulig bra 😊. Dei aller fleste går på utbygging av fritidseigedomar. Grovt har vi rekna at omfanget samla vil utgjere godt over 1000 nye hytteeingar. Arbeidet no blir ei grovsiling av innspel i forhold til vedtatte overordna føringar. Vi tenkjer oss ei sak til Planutvalet til hausten der ein tek stilling til kva innspel som skal gå vidare til konsekvensvurdering.

### 2. Kommunedelplan:

Vi håper å få ei avklaring på motsegna frå BFK etter møtet i fylkesutvalget den 12. Juni.

I tillegg var Jørn Magne Forland, prosjektleiar for Stadsutviklingsprosjektet, tilstade og orienterte om arbeidet. I tillegg var det mogleg å gje innspel der og då i møtet. For seinare er det mogleg å kontakte næringslivet sin representant Anders Eidsgaard, for innspel eller prosjektleiarens sjølv. Sentrumsmøter vil være ein arena for vidare dialog og kommunen vil vurdere å leggje ut informasjon som først og fremst tek for seg framdriftsplan slik at alle som ynskjer kan fylgje arbeidet. Innspel frå møtet vart skrivi ned av prosjektleiar.

Neste møte; 18.06.19!